

Innspel kommunedelplan – Arealdelen

Omsynet til å verne om dyrka og dyrkbar matjord er ein nasjonal strategi, som også er reflektert i Alver kommune sin planstrategi. Grunngjevingane er velkjende og lite kontroversielle. Uføresette alvorlege hendingar i miljø og samfunn dei siste par åra har aktualisert dei, og tydeleg vist kor avgjerande viktige ressursar som står på spel. Litt vanskelegare vert det ofte når strategi skal omsetjast i praktisk arbeid, gjerne særleg om ulike interesser står mot ein annan.

Landbrukspolitisk er det mange som talar heiltidsbonden si viktige sak. Det meiner eg er rett og nødvendig. Langt sjeldnare hører me dei som vektlegg deltidsbonden – eller småbrukaren si sak. Også i vår kommune er det mange småbruk og mangt kulturlandskap som vert halde i hevd nettopp av deltidsbønder. Nokre forhold er særskilde for dei, og fortener å verte ivaretakne også i kommunal planleggjring.

Dette innspelet er tufta på eigne erfaringar etter å ha drive eit småbruk på deltid gjennom mange år. Eg tenkjer dei kan vere illustrerande for noko av utfordringane mange gardbrukarar i Alver står overfor – i tillegg til dei faglege og økonomiske. Innspelet er ikkje knytt til noko spesiell grend eller område, men er gjerne mest aktuelt i område der det er stor etterspurnad etter areal. Kanskje kan det tena som grunnleggjande moment i planarbeidet.

1. Å eige ein landbrukseigedom har forpliktingar, jfr jordlova.

Lenge har det vore praksis at lova er «sovande» - i den forstand at når drifta vert lagt ned på eit bruk, så er det ingen automatikk i at jorda vert driven vidare. Med små brukseiningar, har det vore – og er framleis – ein vanskeleg økonomisk balansegang. Det er kanskje lett å seie seg einig med dei som meiner det ikkje er drivverdig. Men kva skjer med matjorda og ressursgrunnlaget ? Er det i tråd med jordlova ?

Sjå m.a. rundskriv M-2/2021 *Driveplikt, omdisponering og deling etter lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) §§ 8, 9 og 12* og Statsforvaltaren i Vestland sitt skriv til kommunane 11.11.21.

Korleis kan Alver kommune gjere sitt for å styrke ønskt utvikling ?

2. Landbruksareal som kapital

Frå tid til anna har me møtt eigarar som ser på eigedommen som kapital, ikkje som mogeleg produktivt jordbruksland. Det kan ha ulike motiv og grunngjevingar. Nokre ønskjer heller ikkje å inngå avtale om jordleige, då det kan verte eit argument mot planar om å få heile eller deler av eigedommen realisert som utbyggingsareal. Samstundes er ein ikkje interessert i å selje til landbruksføremål, då det gir utsikt til lågare økonomisk utteljing. Ei aktiv handheving av jordlova kan bøte på desse utviklingstrekkja, og samstundes auke medvitet vårt for korleis me oppfattar verdien av landbruket, sjølv om det er småskala.

Kva kan Alver kommune gjere for å ivareta landbruksareal til matproduksjon og auka sjølvforsyning ?

3. Små bruk

Dei fleste bruk i våre område er små og til dels tungdrivne. Produksjonsgrunnlaget lokalt er i all hovudsak grovforbasert, dvs. husdyrhald (også historisk). Det betyr slåttemark og beite. Utviklinga i næringa dei siste 50 åra har basert seg på stadig større driftseiningar og mykje meir bruk av «importert» kraftfôr. Kor lenge – eller langt – kan me greie det ?

For mange av oss er det avgjerande at det er råd å hauste nok grovfor innanfor ein rimeleg kort transportavstand, og at det finst tilgjengeleg beiteareal så nært at det kan nyttast utan omfattande logistikk på transport, flytting og tilsyn.

Korleis kan Alver kommune hjelpe til med å sikre desse driftsforholda ?

4. Fraksjonering av jordbruksareal

Omdisponering av areal frå landbruk – særleg til bustad og næring – fører lett til oppstykking av samanhengande teigar. Det igjen medfører auka trøng for gjerdehald, vanskelegare tilkomst til resterande areal, og i nokre tilfelle direkte driftsulemper og interessemotsetnader. Det er ikkje ønskjeleg for nokon part. I nokre tilfelle ser me at det resulterer i at areal då går ut or landbruksdrift som ein utilsikta følgje-effekt. Det er etter mi mening nødvendig å vektlegge dette perspektivet sterkare når ein planlegg for ei berekraftig landbruksdrift.

5. Trøng for lokalt beite-areal

Etter drygt 40 år med sauar på fjellbeite kvar sommar – først i indre del av Lindås kommune og seinare i Stølsheimen, er det særleg eitt forhold som uroar: stor nedgang i tal dyr og flokkar. Noko skuldast driftsnedleggingar, anna er driftsendringar og generasjonsskifte. Når denne utviklinga får halda fram, vert det på eit tidspunkt for få eigarar att til å greie å sanke så store område i fjellbeita. Om ein då skal kunne halde oppe drifta og husdyrhaldet, så vil det verte trøng for meir sommarbeite lokalt kring garden. Mogelege areal kan vere hjå andre som ikkje har drift på sin eigedom, om det då er tilgjengeleg.
(Ei anna side av dette er sjølv sagt at store gras-ressursar i fjellbeita går tapt, like eins CO₂-rekneskapen, men det fell nok utanfor denne planen.)

6. Generasjonsskifte

Å drive småbruk på Strilelandet har aldri vore verken ei gullgruve eller ein enkelt manns verk. Det er det ikkje no heller. Nokre av oss er så heldige at det finst ein yngre generasjon som vil overta og videreføre landbruksdrift med matproduksjon.

Nye generasjoner har andre føringar for sine val og prioriteringar. Slik har det vore før, og slik vert det vonleg framleis – om me skal komme vidare som samfunn.

Sjølv med mykje interesse, kunnskap og pågangsmot vil det finnast ei grense for kor mykje arbeid, ressursar og familie-fritidsliv ein vil og kan investere. I dette innspelet tek eg det med fordi vilkåra ein skal drive matproduksjonen under er ei vesentleg brikke.

Alver kommune kan gjennom si planlegging og arealdisponering leggje til rette slik at unge bønder opplever at landbruksjorda vert verdsett til matproduksjon, og at det er framtidsvon og berekraft til å halda den i god hevd.

Vil Alver kommune ?

Mitt innspel til planen: Alver kommune har ei berekraftig arealdisponering. Omsynet til eksisterande og potensielt landbruksareal for matproduksjon er tydeleg, uansett om det er fulldyrka slåttemark, innmarksbeite eller utmarksbeite.